

Nr. 5

AUGUST-SEPTEMBER 1992

25. ÅRG.

# GUD ER GUDER....



Frå boka «Gud er...» — Teologi for katter og andre skapningar. Verbum Forlag.

## Lat viljen din råda på jorda som i himmelen

Gud  
du styrer himmelen  
og klotane  
du styrer stjernene  
Gud

Gud er  
glad i alle  
også meg  
i dag vil eg gjere  
broren min glad  
(eller søstera mi,  
mammaen min, pappaen  
min, kameraten min)

eg får ikkje  
min vilje no  
blir så lei meg  
det er vondt  
berre din vilje  
Gud  
er god

Skriven av Oskar Stein Bjørlykke.  
Frå heftet "Fadervår", IKO-forlaget  
1991. Trykt med samtykke

# Eit ti-års jubileum



Jubilantane frå venstre: Johanne Almenning, Marthe Straume, Margreta Straume, Linda Hammersland og Astrid Sundland.

I Arna kyrkjelyd møtes 50-årskonfirmantane år om anna til jubileum i «gamlekyrkja». Desse jentene er ikkje konfirmerte enno, men møttes for å feira 10-års jubileum for dåpsdagen sin.

16. mai 1982 vart 6 jenter døypt i Arna kyrkje. 16. mai dette året kom 5 av desse jentene saman til eit lite 10-års jubileum. Fire av jentene bur framleis i Arna kyrkjelyd. Ei kom frå Knarvik i Lindås og ei som bur på Sotra kunne ikkje koma.

Jubileet vart høgtida i ein av heima - med jubileumskake med namna på og litt brus. Programmet var enkelt - dåpssalmen «Fyllt av glede over livets under» - som vart sungen ved dåpen for 10 år sidan - vart lesen.

# Medarbeidarsamling for kyrkjelydane i Arna

**TEMA:** «Korleis skal vi få nye menneske til å bli med i kyrkjelyden vår?»

**TID:** Lørdag 19. september 1992 kl. 10.00.

**STAD:** Kyrkjelydshuset i Arna.

**PROGRAM:** Trygve Johansen vil halda foredrag om korleis vi skal få nye menneskje til å bli med i kyrkjelyden vår. Han tek for seg kyrkeveksttanken og vil prøva å setja han inn i vår samanheng i Arna.

Etter foredraget vil det bli servering av mat. Deretter blir forsamlinga delt inn i grupper for å snakke saman om aktuelle tankar i foredraget. Til slutt vil vi kome saman igjen til ein plenumssamtale om tema vårt.

Alle medarbeidarar i Arna og Ytre Arna sokn, både dei som er tilsatte og dei frivillige, blir her innbodne til denne medarbeidarsamlinga. Grunna matserveringa vil vi ha påmelding til kyrkjekontora innan 9. september -92.  
Arna kyrkjekontor: Tlf. 05-24 04 00 (tysd., onsd. og fred.)

Ytre Arna kyrkjekontor: Tlf. 05-24 85 46. (onsd. og fred.)

**VEL MØTT!**



*Brit og Olav Hodne*

**Santal  
misjonen  
125 år**

**JUBILEUMSFEST** i Arna bedehus laurdag 3. oktober kl. 18.00.

**MISJONSGUDSTENESTE** i Arna kyrkje Søndag 4. oktober kl. 11.00.

**DR. TEOL. OLAV HODNE** og **BRIT HODNE** vert med.

Dr. teol Olav Hodne og kona Brit gjester Arna 3. og 4. oktober. Olav Hodne er misjonsprest, Brit er lærar.

Fra 1947 til 1952 var dei begge lærarar ved den norske skulen som Santalmisjonen hadde i India. I sin 2. periode i India var dei misjonærar i Assam.

I sin 3. periode var dei i Cooch Behar på grensa til Bangladesh. Det var krig mellom muslimar og hinduar, og dei fekk gjere utruleg mykje for flyktningane. Brit grunnla på denne tida blindeskulen i Cooch Behar.

Mest kjende er dei likevel for innsatsen under flaumkatastrofane i India. For dette

fekk Olav Hodne Nansen-medaljen. Han har også fått St. Olavs orden for sin humanitære innsats. Hodne har teke doktorgraden på Lars Olsen Skrefsrud, grunnleggjaren av Santalmisjonen. Vidare har han skrive bind 3 av Santalmisjonens historie. Han har og vore innstilt til Nobels fredspris.

Både Olav og Brit Hodne har skrive fleire bøker. Begge to blir med oss på jubileumsfesten i Arna bedehus laurdag 3. oktober, og Olav Hodne vil preike i Arna kyrkje under gudstenesta 4. oktober.

# Arna LMF 50 år

LMF, Lærerinnenes Misjonsforbund, er vel ukjent for dei fleste. På landsbasis er LMF 90 år. I paragraf 1 i lovene våre står:

«*Forbundets formål er å samle kvinnelege lærere med misjonsinteresse til bønn, gjensidig åndelig hjelp, og til arbeid for misjonens sak, alt etter den nåde Gud gir.*»

Det er mange LMF-grupper rundt om i landet vårt. Vi har pr. i dag ansvaret for misjonærar og fleire nasjonale kvinnelege lærarar. Andre misjonsorganisasjonar (NLM, NMS og Santalmisjonen) tilset misjonærane, men LMF lønnar dei. Vi gir og noko økonomisk støtte til dei andre evangeliske misjonsorganisasjonane og til NLA, Bibelskapet og IKO.

LMF er ein bønemisjon. På bønekortet

vårt finn vi dei aller fleste kvinnelege lærarmisionærar utsende frå Norge. Bjørg Mæstad, Kirsten Hope, Gunnlaug Bøyum og Målfrid Sandvik er med der.

Den 5. september for 50 år sidan kom fire kvinnelege lærarar saman i Ytre Arna og skipa Haus LMF. Det vart seinare til Arna LMF. I dag er vi 18 stykker i gruppa, men vi har bruk for fleire.

Du er velkommen til å vere med. Vi har møte siste tysdag i kvar månad. Du kan melde deg til underskrivne.

Den 5. september får vi vitjing av formannen vår, Irene Bjørnsborg. Ho vil delta ved gudstenesten 6. september. Takk til soknerådet for at vi får ta opp misjonoffer den dagen.

Klara Ulveseter  
form.



**KIRKEN SOS**  
SENTER FOR  
SAMTALE  
ÅPENT KL. 19.00 TIL  
07.00

## KIRKENS SOS TRENGER NYE TELEFONVAKTER TIL DAG, KVELDS- og NATTEVAKT:

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot den Norske Kirkes bekjennelse.

Før du starter i tjenesten er du med på et 10-kvelders innføringskurs. Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten. Oppgaven er først og fremst å lytte, være et medmenneske for dem som trenger det.

Er du interessert?

Kontakt oss snarest.

Tlf. 05 32 58 45, mand. - fred.  
på dagtid.

# Kyrkjelydstur til Hålandsdalen



Fellesskap er det sentrale poenget med kyrkjelydsturane. Bildet er frå ein tidlegare tur der Ove Skjoldal og Gunnar Kaaresen leiar allsangen.

## Kyrkjelydsturen 30. august 1992

Arna kyrkjelyd arrangerer FAMILIE-TUR til HÅLANDSDALEN.

Frammøte v/Arna Kyrkje kl. 09.00.

Påmelding til kyrkjekontoret, tlf. 05-24 04 00 eller til Jens Martin Hauge, tlf. 05-24 01 43.

Det vert sett opp buss.

Familiegudsteneste i HÅLANDS-


DALEN kyrkje kl. 11.00 v/sokneprest Nese.

Det blir servert ein enkel middag m/kaffi.

Leikar for born og vakne.

**PRIS KR.: 120.00.**

Velkommen til ein hyggeleg tur!



## Aspirantkor

Alder: 1. til 2. klassetrinn  
 Øvingsdag: Mandager kl. 17.00-18.00  
 Stad: Arna Kyrkjelydshus  
 Instruktør: Inger-Johanne Enger

Aspirantkoret vil i tillegg til korsongen legge vekt på opplæring innafor felta notelære, kroppsbehersking, stemmebruk m.m.

Målet er å utvikle borna sine musikalske ferdigheter og lære dei opp til å kunne synge etter noter.

**OPPTAK:**  
 Kvar haust. Max. 15 born.

**FØRSTE ØVING:**  
 Mandag 31. august.



## Ungdomskantori

Øvingsdag: Torsdager kl. 17.00-18.30  
 Stad: Arna Kyrkje  
 Instruktørar: Kantor Asbjørn Flåm  
 Inger-Johanne Enger

Koret er eit tilbod til dei som ynskjer å arbeide seriøst med korsong, innafor den klassiske kyrkjelege korthet.

Det vert sett høge krav til (kor-)disiplin. I tillegg til korøvingar vert det lagt opp til seminarer, turar (Oslo/Sverige, juni 1993).

Det vert avholdt opptaksprøve kvar haust.

Opptaksprøve torsdag 27. august, evt. også etter avtale.

**KONTINGENT:**  
 Kr. 100,- pr. semester (syskenmoderasjon).

## Barnekantori

Alder: 2. til 6. klassetrinn  
 Øvingsdag: Ondager kl. 17.00-18.30  
 Stad: Arna Kyrkjelydshus  
 Instruktørar: Kantor Asbjørn Flåm  
 Inger-Johanne Enger

Arna Barnekantori legg stor vekt på ein sosial profil, og skal i tillegg til korsongen legge opp til andre aktivitetar.

Frå hausten skal koret jobbe med synsgespel.

I slutten av vårsemesteret 93 vert det lagt opp til ein lengre tur, truleg Fredrikstad.

**OPPTAK:**  
 Haust og vår.

**FØRSTE ØVING:**  
 Onsdag 26. august

# Harpekoncert

Søndag 4. oktober kl. 17.00, vert det konser i Arna kyrkje med Alicia Zajaczkowska på harpe. Dette er eit instrument vi på desse kantar sjeldan får høre i solosamanheng.

Alicja er frå Polen, er busatt i Brussel og er belgisk statsborgar. Ho er rekna som ein av Polens og Belgias framste harpistar. Ho er mykje brukt som solist. Nemnast kan so listoppdrag saman med National Philharmonic Orchestra i Warsawa m.fl.

Eigen konsert under festspela i Bergen i 1988 med strålende kritikkar.

Arna kammerkor arrangerer denne helga korseminar med Carl Høgset, Oslo, og vi deltar med ei lita avdeling.



Alicja Zajaczkowska.

## Konsertar Arna Kyrkje hausten 92

**OKTOBER:**  
 Søndag 4. kl. 17.00:  
 Konser  
 Alicia Zajaczkowska, harpe  
 Arna Kammerkor  
 Dir. Carl Høgset

**NOVEMBER:**  
 Søndag 8. kl. 19.00:  
 FOLKETONEKVLD  
 Kirsten Bråthen Berg, song  
 Arna Kammerkor  
 Hardingfele

**DESEMBER:**  
 Søndag 6. kl. 19.00:  
 Julekoncert

**Mandag 7. kl. 19.00:**  
 Händels MESSIAS  
 Årstad kirkekor  
 Dir. Anton Hagen  
 Orkester/solister

**Søndag 13. kl. 18.00:**  
 LUCIA-KONSERT  
 Aspirantkoret,  
 Barnekantori,  
 Ungdomskantori,  
 Arna Kammerkor

## Arna Kammerkor

Øver onsdagar kl. 19.30-22.00 i kyrkjelyds-

huset.  
 YNSKJER DU Å VERE MED I EIT  
 TRIVELEG KORMILJØ?

Ta kontakt med kantor Asbjørn Flåm  
 for nærmare informasjon: Arna kyrkje-  
 kontor: tlf. 05-24 02 15.

**Haustens program:**  
 Okt.: Korseminar med Carl Høgset.  
 Nov.: Folketonekveld med Kirsten Brå-  
 hen Berg.  
 Des.: Lucia-konsert.

# KOM SAMAN OG SYNG!

## Kom saman og syng ein sundagskveld for månaden i Arna Kyrkjelydshus

Arna kyrkjekor vil i haust skipe til nokre sundagssamlingar i kyrkjelydshuset.

Vi vil med desse samlingane at folk i kyrkjelyden vår skal kunne komme saman, bli kjente med kvarandre, syngje saman, prate og drikke sundagskaffien i lag.

Opplegget for desse kveldane vil vere nokså «laust»: Vi skal ha det kjekt saman. Kyrkjekoret vil nok syngje nokre songar, kan hende er det nokon som skal syngje solo, men mest av alt skal vi syngje i lag og prate saman.

Det skal og bli tid til skikkeleg kaffipause. Kaffien lagar vi på huset, men maten ber vi om at de tek med sjølve.

Så set av desse sundagskveldane med ein gong: 27. sept., 25. okt. og 29. nov. Vi startar opp kl. 18.00.

Så ta med heile familien og lat oss ta sundagskaffien i lag desse sundagskveldane!

Vel møtt!

Helsing Arna kyrkjekor

# K-FORUM

starter opp igjen og første møte  
**HØSTEN -92 blir tirsdag 8. sept.**  
**i Kyrkjelydshuset kl. 19.30.**

Videre blir høstens møtedatoer:  
13. okt., 10. nov. og 8. des.

Vel møtt og ta gjerne med en venninne,  
nabo eller kollega.

# Berte Marie har satt dype spor etter seg i Mali

Berte Marie Ulveseter (33) fra Arna har satt dype spor etter seg i Mali i Vest-Afrika gjennom det helseprosjektet hun nylig har avsluttet etter 4 1/2 års innsats, skriver Strømmestiftelsens meldingsblad «Hjelp til selvhjelp».

Arbeidet har gitt imponerende resultater. I enkelte områder klarte prosjektet å redusere spebarnsdødeligheten fra 30 prosent til 3 prosent.

Berte Marie Ulveseter er utdannet helse-søster og fram til 1990 var hun koordinator for helseprosjektet i Bafoulabe i Mali, et av de aller varmeste områdene i verden. Det lutfattige Mali har en av verdens høyeste tall for barnedødelighet.

De siste halvtannet årene har Ulveseter imidlertid hatt ansvaret for kvinnekonsulenten. Aktiviteter og kurs rettet spesielt mot kvinnene, samt alfabetisering, har stått på dagsorden.

— Men nå var det ikke bruk for meg lengre. En sterk og dyktig malisk dame overtar etter meg. Hun kan gjøre en like bra jobb, sier Berte Marie Ulveseter.

33-åringen var satt dype spor etter seg i Mali. Hun var høyt respektert og verdsatt av folket i området. Det var forøvrig den direkte årsaken til at hun reiste ut igjen i 1990. For da hun avsluttet sin treårsperiode i 1989, fikk hun ikke lov til å reise før folket hadde fått løfter om at hun kom igjen.

### Beleiret

— Det hele var ganske komisk. Det var like før jeg skulle reise hjem. Jeg hadde besøk at tidligere prosjektsjef i Strømmestiftelsen, Oddvar Espagren, da noen myndige og kraftige damer plutselig trappet opp. De satte seg ned og gav klar beskjed om at de ikke var til å rikke før de fikk løfte om at jeg ville komme tilbake. Espagren så ingen annen mulighet enn å innfri løftet. Derfor fikk jeg tilbud om å reise ut igjen i 1990, da det ble behov for en ny stilling innen kvinnekonsulenten.

Ulveseter angret aldri på at hun tok utfordringen igjen. — De siste årene har jeg



Berte Marie Ulveseter.

hatt det veldig kjekt. Jeg vil savne mine venner i Mali. Maliere er et svært hyggelig og åpent folkeferd. Det er lett å bli glad i dem, sier Ulveseter.

— Først og fremst måtte vi lære mødrerne å lage næringsrik mat ut i fra deres midler. Og de måtte lære hvordan diare og underernæring kunne helbredes. Vi fant at de tradisjonelle metodene var stikk i strid med vår medisinske kunnskap. For eksempel var folket av den oppfatning at barn med diare ikke måtte få noe å drikke. Og noen plasser sverget man til at barna ikke skulle få mat før de kunne gå.

Vi måtte bryte med slike tradisjoner. Og etterhvert vant vi igjennom med våre tiltak. Mødrene så ganske raskt at våre metoder førte til at nesten alle barna levde opp. Det var vårt beste bevis på at vi ville dem godt. Vi vant folkets tillit og møtte stor takknemlighet blant mødrerne. Det er jo like smertelig for en malisk mor å miste et barn, som det er for en norsk mor, selv om malierne har et mer naturlig forhold til døden enn det vi nordmenn har.

# NYTT FRÅ KÝRKJELYDANE



## Døypte

### Ytre Arna sokn:

- 14.06.: Kim André Knappskog.
- 21.06.: Jan Egil Kronen Villanger, døypt i Hamre kyrkje.
- 05.07.: Sindre Ytrearne Larsen.
- 05.07.: Erlend Osland Nytveit, døypt i Arna kyrkje.
- 26.07.: Jill Svenning Kalsås.
- 16.08.: Morten Gravdal, Sara Kristine Bergheim Johnstad.



## Vigde

### Ytre Arna sokn:

- 03.07.: Eilif Nævdal og Trine Hagen.
- 25.07.: Richard Grøndal og Kristin Herfindal, vigde i Vaksdal kyrkje.
- 15.08.: Jan Otto Midtun og Marita Rolland.
- 15.08.: Arild Schanche Kristoffersen og Ingunn Marie Risøy.

## Døde

### Ytre Arna sokn:

- 29.06.: Olga Reigstad, f. 1900.
- 27.07.: Konrad A. Rønhovde, f. 1908.
- 03.08.: Olav Hella, f. 1916.

## Ofringar

### Ytre Arna sokn:

07.06.: Den norske muhammedaner-misjon	1.645
14.06.: Diakoniuvalet i Ytre Arna	586
21.06.: AAN	1.295
28.06.: Norges Kr. Folkehøgskolelag	880
05.07.: Israelsmisjonen	1.617
19.07.: Dronning Mauds Minne	770
26.07.: Kýrkjelydhuset	1.200
09.08.: Institutt for sjølesorg	584

## Kýrkjeskyss Haukeland/Unneland

- 30.08.: Jens Hauge .....tlf. 05-24 01 43
- 06.09.: Ingrid Hope .....tlf. 05-24 08 08
- 13.09.: Kari Minde .....05-24 01 54
- 20.09.: Sverre Myklebust .....tlf. 05-24 29 05
- 27.09.: Berit Haugsvær .....tlf. 05-24 08 15
- 04.10.: Odmund Skjoldal .....tlf. 05-24 28 76
- 11.09.: Jens Hauge .....tlf. 05-24 01 43
- 18.09.: Ingrid Hope .....tlf. 05-24 08 08
- 25.09.: Kari Minde .....tlf. 05-24 01 54

TAKK for at du er med og oppheld kýrkjeskyssen.



domkirken  
bergen

### AFTENMESSE PÅ SØNDAGER

Gikk gu glipp av søndagens høymesse i din lokale menighetskirke, eller var du forhindret. Husk, det er aftenmesse i BERGEN DOMKIRKE HVER SØNDAG KL. 19.30. Første gang 13. sept.

Hilsen  
Bergen Domkirke  
Byens og Stiftets hovedkirke

Den dagen lønnskonto-en min hadde fått ny forsyning av penger, så jeg straks at gribbene var på vingene. De sirklet lavt over hodet mitt og utstøtte varselrop i form av tiggerbrev, informasjoner og giro-blanketter.

Jeg dukket. Jeg søkte ly bak et sprinkelgjerde av egne behov og familiens krav. En gang imellom kastet jeg noen sedler til fuglene, så de skulle holde seg på avstand en stund, men jeg visste at de kom tilbake.

Det som plaget meg mest, var at jeg tilhørte gribbenes venner. Jeg visste at de var nyttedyr, jeg visste at det var tjenlig både for meg og resten av landet å ha dem her. Strengt tatt visste jeg også hvorfor jeg opplevde dem som gribber. Det var utsikten gjennom gjerdet som fikk dem til å se sånn ut.

En bibeltekst hjalp meg til å revidere bilde mine. Jeg fikk møte noen som handlet annerledes enn meg: «Helhjertet kom de med sine frivillige gaver til Herren». Og det var en mann som bad: «Skulle vi være i stand til å gi slike frivillige gaver? Nei, alt kommer fra deg; vi gir det vi har fått av deg ... Nå har jeg sett



1

## GRIBBENE KOMMER!

Aksjonen er satt i gang og gjennomføres av MENTOR  
Tekst: Vidar Kristensen Illustrasjon: Ruben

dig fugl i meg som hindret meg fra å gi med hjertet.

Jeg skal fortelle deg mer om dette senere. Dette er bare den første av fem ganger vi skal møtes. Imens skal du få et refreg fra en sang å grunne på. Det er naboen min som har for vane å lære meg noen sangvers i ny og ne. Og jeg må innrømme at disse ordene ikke så lett slipper tak i meg:

Pengene velsigner eller myrder.

Fattige er de som velstand har bedratt.  
Vår rikdom er å bære andres byrder;  
evnen til å ofre er vår skatt.

Dette er den første artikkelen i en serie på fem, der vi ønsker å fortelle deg hva Bibelen sier om å gi gaver til kristent arbeid. Vi vil gjerne at du gir til arbeidet vårt, men håper at denne serien kan hjelpe deg til å gjøre det med glede. Fordi Gud vil, og ikke fordi vi -maser. En fast og ordent givertjeneste er like viktig for deg som for oss. Disse organisasjonene er med:

Blå Kors, Den Norske Santalmisjon, Den Norske Sjømannsmisjon, Det norske Diakonhjem, Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap, Det Norske Misjonstorfund, Hjemmenes Dåpsring, IKO, KABB, Norges Kristelige Student og Skoleungdomslag, Norges Samerisjon, Norsk Lærerakademi, Norsk Søndagskoleforbund, Vårt Land Bladmisjonen.

med glede at ditt folk som er til stede her, villig gir deg sine gaver. Herre, du Abrahams, Isaks og Israels Gud, våre fedres Gud! La alltid ditt folk ha slike tanker i hjerte og sinn, og vend deres hjerte til deg!» (1. Krøn 29).

Helhjertet og frivilig. Gi det vi har fått. I et glimt så jeg at det ikke sirklet gribber over meg. De sanne gribbene bodde i mitt eget hjerte. Når organisasjoner og menigheter trengte penger oppfattet jeg det som om de var ute etter å få kloa i meg. Men at de utfordret meg til frivillig offerglede, det var en fremmed tanke. Det bodde en grå-



# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

*Tidlegare Espeland Begravelsesbyrå*

Kåre Bj. Hope

Tlf. 05 24 08 08

Mobiltelefon 090 01504

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*

Kransebinderi, sløyfetrykkeri.

Annonser, sanger, båretransport.

## SAMDALS

BYRÅ

JONSVOLLSGATEN 1

**90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland tlf. privat: 24 22 23

## Tannlege MNTF LINE BORJA

tar imot pasienter i det nye Kyrkjelydshuset ved Indre Arna kirke.

Tlf. 24 02 46  
mellan 8-15.30.

Kveldstid og lørdager etter avtale.



## KIRKENS SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag.

**ARNA PRESTEGJELD**  
Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna Tlf. 24 04 00 og 24 02 15  
Kontortid: Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00 - 12.00.

Torsdag 17.30-19.00

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 24 85 46.  
Kontortid:

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna

Redaktør: Audun Stølås

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingvald Straume

Forretningsførar: Turid Vie

Bladpengar: Kr. 35,- Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr. 0805 3104445

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranse.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Froydis SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna

Tlf.: (05) 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting  
Fagkunnskap gir  
trygghet



10% for pensjonister alle dager.

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland A.S.*  
Ur og Gullsmed  
5260 Indre Arna - Telefon 24 04 96

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomsterlf.

**24 25 95**

**a.s. Sarepta**  
5260 Indre Arna

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgr. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

# *Velkommen til kyrkje*

AUG. 23. *11. s.e. pinse - Joh. 6,66-69.*

**Arna kl. 12.** Kap. Johansen. Dåp. Takkoffer til kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid Keryx og Arken. Vitjing frå Bjordal. Kyrkjekaffi med varmrett i kyrkjelydshuset. Søndagsskule.

**Ytre Arna kl. 11.** Krinssekretær Hageberg. Takkoffer til Kvite bånd i Ytre Arna. Nattverd.

AUG. 30. *12. s.e. pinse - Matt. 21,28-31.*

**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer. Kyrkjelydstur.

SEPT. 06. *13. s.e. pinse - Matt. 12,33-37.*

**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Dåp. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til LMF. Søndagsskule.

**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Dåp. Presentasjon av konfirmantane Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

SEPT. 13. *14. s.e. pinse - 5. Mosebok 10,17-21.*

**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Dåp. Presentasjon av konfirmantane.

Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.

**Ytre Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelyds-huset.

SEPT. 20. *15. s.e. pinse - Joh 5,1-15.*

**Arna kl. 11.** Sokneprest Handal. FAMILIEGUDSTENESTE. Søndags-skulens dag. Dåp. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.

**Ytre Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Johansen. Søn-dagsskulens dag. Dåp. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets. Kyrke-kaffi.

**Trengereid kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Søn-dagsskolens dag. Presentasjon av konfirmantane. Takkoffer til Bergen søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.

SEPT. 27. *16. s.e. pinse - Luk. 10,38-42.*

**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsar-beidet. Jubileum for 50-års konfirmantane. Arna kyrkjekor. Søndags-skule.

**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen og utsending frå NLA. Nattverd.

Takkoffer til NLA.

**Takvam kl. 16.** Jubileum for kyrkjeklokka. Tidlegare og neverande prestar vert med. Takkoffer til orgel. Kyrkjekaffi.

OKT. 04. *17. s.e. pinse - Luk. 7,11-17.*

**Arna kl. 11.** Biskop Håkon Andersen og sokneprest Kjell Nese. Jubile-umsoffer til Santalmisjonen.

**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Jubileum for 50-årskon-firmantar. Takkoffer.

OKT. 11. *18. s.e. pinse - Galaterbrevet 5,1-6.*

**Arna kl. 11.** Sokneprest Kjell Nese. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.

**Ytre Arna kl. 11.** Familiegudsteneste ved vikarprest. Dåp. Takkoffer.

OKT. 18. *19. s.e. pinse - Markus 10,17-27.*

**Arna kl. 11.** Familiegudsteneste. Kapellan Trygve Johansen. Dåp.

Takkoffer til Arna Søndagsskolelag.

**Trengereid kl. 11.** Sokneprest Kjell Nese. Takkoffer.